

Eksamen

23.05.2019

DRA2001 Teater og rørsle 1 / Teater og bevegelse 1

Programområde: Drama

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 5 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Avskrift, kopiering, klipp og lim av tekstar som ikkje underbygger løysing av oppgåva eller drøftar problemstillinga, viser svært låg kompetanse i faget. I denne oppgåva vil det leggst vekt på fylgjande:</p> <ul style="list-style-type: none">• Grad av intensjonsnivå og presisjonsnivå i den skriftlege formidlinga av øvingane• Grad av presisjonsnivå i bruk av terminologi og rørsle-vokabular• Grad av originalitet og kreativitet når det gjeld val av øvingar• Kandidaten si evne til å grunngje og reflektere over val, samt evna til å meistre, bruke og integrere fagleg teori inn i svaret• Evna til å beskrive fysiske uttrykk• Evna til å drøfte

KANDIDATEN SKAL SVARE PÅ BÅDE OPPGÅVE 1 OG 2

Oppgåve 1

I høve open skule skal du vise korleis ein undervisningstime i faget teater og rørsle 1 kan gå føre seg.

Du har fått beskjed om at denne timen skal gå føre seg ute i naturen, og han skal også innehalde bruk av musikk.

Ta utgangspunkt i lokalmiljøet til ein skule du kjenner til når det kjem til val av natur (skog, fjell, park, slette, strand osv.).

Du skal undervise ei gruppe på fire jenter og fire gutar som går i same 10. klasse på ungdomsskulen.

Lag ein plan for ei 60 minuttars økt som inneheld element frå begge hovudområda fysisk grunnlagstrening og skapande arbeid. Planen skal innehalde fylgjande:

- Mål
- Øvingar, med beskrivingar av desse
- Formålet med dei ulike øvingane
- Musikkval med grunngjeving
- Tidsbruk

Oppgåve 2

Etter sjølve økta blir du kontakta av rådgjevar frå den same ungdomsskulen. Ho vil at skulen sine elevar skal ha eit bevisst forhold til val av livsstil. Rådgjevaren trur at ein ungdom lettare når fram med budskapet, og ynskjer eit føredrag med utgangspunkt i mål frå faget teater og rørsle 1.

- Gjer greie for samanhengar mellom livsstil og helse og fysisk og skapande aktivitet.
- Drøft eigne erfaringar som du har mellom livsstil og helse og fysisk og skapande aktivitet.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 5 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Avskrift, kopiering, klipp og lim av tekster som ikke underbygger løsning av oppgaven eller drøfter problemstillingen, viser svært lav kompetanse i faget. I denne oppgaven vil det bli lagt vekt på følgende:</p> <ul style="list-style-type: none">• Grad av intensjonsnivå og presisjonsnivå i den skriftlige formidlingen av øvelsene• Grad av presisjonsnivå i bruk av terminologi og bevegelsesvokabular• Grad av originalitet og kreativitet når det gjelder valg av øvelser• Kandidatens evne til å begrunne og reflektere over valg, samt evnen til å beherske, bruke, og integrere faglig teori inn i besvarelsen• Evnen til å beskrive fysiske uttrykk• Evnen til å drøfte

KANDIDATEN SKAL BESVARE BÅDE OPPGAVE 1 OG 2

Oppgave 1

I anledning åpen skole skal du vise hvordan en undervisningstime i faget teater og bevegelse 1 kan foregå.

Du har fått beskjed om at denne timen skal foregå ute i naturen og skal også inneholde bruk av musikk.

Ta utgangspunkt i lokalmiljøet til en skole du kjenner til når det kommer til valg av natur (skog, fjell, park, slette, strand, osv.).

Grappa du skal undervise består av fire jenter og fire gutter som går i samme 10. klasse på ungdomsskolen.

Lag en plan for en 60 minutters økt som inneholder elementer fra begge hovedområdene fysisk grunnlagstrening og skapende arbeid. Planen skal inneholde følgende:

- Mål
- Øvelser, med beskrivelse av disse
- Hensikten med de forskjellige øvelsene
- Musikkvalg med begrunnelse
- Tidsberegning

Oppgave 2

Etter selve økta blir du kontaktet av rådgiver fra den samme ungdomsskolen. Hun vil at skolens elever skal ha et bevisst forhold til valg av livsstil. Rådgiver tror at en ungdom lettere når fram med budskapet, og ønsker et foredrag med utgangspunkt i mål fra faget teater og bevegelse 1.

- Gjør rede for sammenhenger mellom livsstil og helse og fysisk og skapende aktivitet.
- Drøft egne erfaringer du har mellom livsstil og helse og fysisk og skapende aktivitet.



www.vigoiks.no/eksamen